

MÅNADSBREV OKTOBER 2013 BLOMANE

Hausten er komen – i september har barna fått læra om korn og grønsaker. Til og med sangen «Jeg er havren» begynner dei å få tak på. Dei var ivrige på å baka grove rundstykke her om dagen.

Me har kome godt i gang med utegruppene. Dette er noko både barna og me synes er gildt og verdifullt. Det er godt for alle å vera i litt mindre grupper iblant. Koselig med mat og samling inne i lavvoen. Utegruppene i oktober vil ha tema: INDIANARAR.

Haustens grøde er tema fram til haustferien. Vidare er det MOSES me skal læra om i oktober. Me skal høyra heile historia. Så skal Blomane sin del på utstillinga vera relatert til Dei ti boda og Det lova landet.

VELKOMEN TIL UTSTILLING OM MOSES
onsdag 30. og/eller torsdag 31. okt.
mellom kl 14.30 og 16.00.
Servering av kaffi/te og frukt.



Sanger me øver på i oktober:

Hvordan kom moses over Rødehavet. Takk min Gud for hele meg. En og to og tre indianere.

- **Minnar om foreldremøte torsdag 3. oktober kl. 19.30**

Stjerner, Sommarfuglar og Blomar skal og synga på barneveke på Nærbø bedehus
torsdag 17.oktober kl 17.00.

Barnehagen har gjennom heile året fokus på høflegheit. I oktober øver me på versegod...takk



I slutten av månaden startar me med «Være sammen». Det er eit utarbeidd opplegg som me vil bruka for å auka den sosiale kompetansen i barnehagen. Me skal verta kjende med Løveloven og Regnbueløven. Meir info kjem på foreldremøte.



- Me er snart i gang med observasjonar til foreldresamtalar. Tider kjem opp på liste i garderoben.
- Fint om alle kan ha litt varme klede i skapet. Ein ekstra fleece/ull, pannebånd/hue/buff og vottar. Hugs å merka alle uteklede og sko/støvler.

Helsing Margaret, Heidi, Valbjørg, Dorthea, Kari og Berit

*Barnehagens visjon: KJÆRLIGHET, OMSORG, TRYGGHET OG GLEDE.
UNDRING, NYSGJERRIGHET VOKSNE TIL STEDE.*

